

RESOLUSJON

Master- og bachelorforelesingar utanfor utvekslingsperioden

Vedtatt av Studenttinget 12.11.2022

Resolusjon: Master- og bachelorforelesingar utanfor utvekslingsperioden

Fleire studentar ved HVL har opplevd at forelesingar knytt til bacheloroppgåva vert gjennomført i perioden medan dei er på utveksling. Dette er noko som skapar stor uro for dei som vert ramma, då ein føler at ein går glipp av viktige forelesingar, samt at det kan føre til ulikt grunnlag for vurderinga av master- og bacheloroppgåve. Ein slik situasjon er noko som kan føre til vanskar med å rekruttere studentar til å reise på utveksling.

[Frå meld. St. 7](#) kan ein mellom anna lese at “Et studieopphold i utlandet vil bidra til å øke kvaliteten i norsk høyere utdanning og forskning og til den enkelte students egenutvikling, og det vil bidra til å utvikle samfunnet og øke Norges omstillingsevne og konkurransevne”. Vidare ser ein frå meld. St. 7 at i 2019 hadde 12% av *dei uteksaminerte kandidatane ved HVL vore på utveksling gjennom studieløpet, totalt for utdanningsinstitusjonar i Noreg var 16%*. [Handlingsplanen til HVL for internasjonalisering 2021-2023](#) viser at HVL har eit mål om at “samla sett skal 30% av uteksaminerte studenter ved HVL eit utvekslingsopphald, halvparten av desse gjennom Erasmus-programmet”.

På bakgrunn av dette ser ein at det er essensielt at HVL legg opp til at alle studentar kan reise på utveksling, utan at dette går utover vurderingsgrunnlaget for master- og bacheloroppgåver. Ved å sikre at dette skjer kan ein og påverke til at fleire reiser på utveksling. Såleis vert det sørga for meir internasjonalt samarbeid på tvers av landegrenser, som er sentralt for ei berekraftig utvikling av samfunnet.

Studenttinget på Vestlandet meiner at:

- Høgskulen skal legge forelesingar knytt til bachelor- og masteroppgåver utanom utvekslingsperioden.
- Dersom forelesingane knytt til master- og bacheloroppgåver ikkje kan leggest utanom utvekslingsperioden, skal Høgskulen filme og ta opp forelesingane.
- Høgskulen skal lage ei asynkron metode-undervisning som skal ligge digitalt tilgjengeleg, dette i tillegg til opptak av fysiske forelesningar.